

6.-9. juni 2024

# FESTSPELA

FESTSPELDIKTAR

**KNUT  
ØDEGÅRD**

**Kari Bremnes / Knut Ødegård / Inger Johanne Sæterbakk /**  
**Anders Totland / Brit Aksnes / Monica Goksøyr / Ingunn Thon /**  
**Sunniva Relling Berg / Maria Parr / Lars Amund Vaage / Odin /**  
**Gabriel Fliflet band / Andre Ulveseter / Jørgen Nordeng / Kristin Fridtun /**  
**Jahanger Ali / Jan Inge Sørbo / Heidi Marie Vestrheim / Egil Olsen /**  
**Runar Gudnason / Kathrine Nedrejord / Jan Ove Ulstein / Samir Madad /**  
**Kråkebollane / Ellen Harrison / Planet Ørsta / Cecilie Seiness /**

Kjøp billetter på [nynorsk.no](https://nynorsk.no)

# BLI MED PÅ FESTSPELA!

**6.–9. juni kan du oppleve det beste nynorsken har  
å by på akkurat no.**

Vi fyller heile tunet med underholdning for publikum i alle aldrar, i tillegg til mange arrangement rundt om i Ørsta og Volda for store og små auger og øyrer. På utescena blir det mellom anna konsertar med Kari Bremnes og Odin, og den tradisjonsrike festspelgudstenesta. Inne i salen kan du oppleve forfattar-samtalar med mellom andre festspel-diktar Knut Ødegård, barnebokbad og andre samtalar og føredrag om nynorsk og nynorsk litteratur.

Mellom alle dei fantastiske program-postane kan du ta deg ein matbit, eit måltid eller ein måldrikk i Festspel-kafeen. I museumsbutikken kan du kjøpe med deg heim eit eller fleire minne frå tidenes Festspel. Her finn du mellom anna bøker, krus, t-skjorter og Ivar Aasen-boksarar.

Og du? Som gjest på festivalen har du gratis inngang til museumsutstillinga heile helga.

Festspela har sidan 1992 vore ei årleg feiring av nynorsk språk og kultur, men tradisjonen for feiringa av den nynorske skriftkulturen er over 150 år gamal. Garden i Åsen, der sjølvaste Ivar Aasen vaks opp, har vore ein viktig møte- og stemnestad for folk frå fjern og nær heilt sidan slutten av 1870-åra. Denne arven vil vi skal leve vidare i Aasentunet, men i stadig nye former.



# DESSE MØTER DU 6.-9. juni



Foto: Kim Edgar Bachel

## ODIN

Odin Staveland er for mange kjend som låtskrivar, vokalist og trommeslagar i Vamp. Multikunstnaren har også laga eigen musikk til film og teater, og medverka, produsert og skrive musikk for nokre av landets mest kjende artistar. Vinteren 2024 var Odin aktuell som deltakar i TV2-programmet *Hver gang vi møtes*.

6. juni kl. 20.00 **Utescena, Aasentunet**




Foto: Fotograf Ma

## FESTSPELDIKTAR

## KNUT ØDEGÅRD

Knut Ødegård er den mest omsette nolevande norske poeten, med diktbøker som er omsett til 42 språk. Ødegård har motteke ei rekkje prisar for forfatterskapen sin, og var mellom anna den første nynorskforfattaren som vart vald inn som medlem av Det Norske Akademi for Språk og Litteratur.

8. juni kl. 11.00 **Fru Svendsen Ørsta**  
8. juni kl. 18.00 **Salen, Aasentunet**  
7. juni kl. 13.00 **Salen, Aasentunet**



Foto: Slian Andersen

## KARI BREMNES

Kari Bremnes har i løpet av 40 år etablert seg som ein av landets fremste artistar. Den prisvinnande tekstforfattaren, melodiskaparen og songaren frå Lofoten er kjend for sitt nære og sterke tekstunivers, ofte i ei melankolsk og nordvendt stemning.

9. juni kl. 20.00 **Utescena, Aasentunet**




Foto: Samlaget

## MARIA PARR

Maria Parr er forfatter og lektor. Ho debuterte med barneboka *Vaffelhjarte* i 2005. Det store gjennombrøtet kom med oppfølgeren *Tonje Glimmerdal* i 2009. Parr er i dag ein av dei mest populære og profilerte norske barnebokforfatarane, og bøkene hennar er selde til ei rekkje land.

7. juni kl. 15.00 **Salen, Aasentunet**



Foto: Cappelen

## JØRGEN NORDENG

Jørgen Nordeng slo gjennom som nordnorsk rapper i bandet Tungtvann, som gav ut sitt første album i 1999. Bandet er kjent for bruken av nordnorsk dialekt i tekstane sine og er nærast pionerar i norsk rap-historie. Jørgen Nordeng er også frilansjournalist og har skrive mykje om rap og hiphop.

7. juni kl. 18.30 **Salen, Aasentunet**




Foto: Kieran Kollie

## RUNAR GUDNASON

Runar Gudnason er rapper, regissør og omsetjar, og starta hiphop-gruppa Side Brok i 2000. Innhaldet i tekstane er originalt, satirisk, humoristisk og gjennomsyra av dialekt. Dei handlar om heimstad og identitet, og skildrar ofte rånemiljøet i heimbygda Ørsta.

7. juni kl. 18.30 **Salen, Aasentunet**




Foto: Oda Berby

## MONICA GOKSØYR

Monica Goksøyr har vakse opp på øya Runde på Sunnmøre og har røter i Thailand. Hausten 2023 debuterte ho med novellesamlinga *Slemme jenter*, som ho fekk Tarjei Vesaas' debutantpris for. Ho er også nominert til LOs litteraturpris for boka.

8. juni kl. 14.00 **Utstillinga, Aasentunet**  
8. juni kl. 16.00 **Salen, Aasentunet**

## FESTSPEL- KUNSTNAR DAMIEN AJAVON

Ajavon er ein afrikansk-europeisk tekstilkunstnar, fødd i Frankrike og med senegalske og togolesiske røter. Påverka av både afrikansk og vestleg kultur, står ønsket om å kombinere kulturar og skape noko nytt og vakkert sentralt i arbeidet til Ajavons. Verka speglar ei personleg utforsking av mellom anna identitet og ønsket om å dele inspirerende historier gjennom tekstilkunsten. Utstillinga opnar torsdag 6. juni, og vil henge oppe til 29. juni.

**Opning:**  
6. juni kl. 16.30 **Kunsthuset, Ørsta**



Foto: Mollery Lowe

## GABRIEL FLIFLET

Gabriel Fliflet er musikalr, komponist og songar, med trekkspel som sitt hovudinstrument. Han arbeider med folkemusikk, særleg frå Noreg, Finland, Shetland, Baltikum, Balkan og Amerika, og kombinerer sjangerblanding over tradisjonsgrensene. Fliflet koplar gjerne kompliserte balkanrytmar med nordiske folketonar, eller jødisk melankoli med tex-mex. På scena utmerkar han seg også med forteljartalent og humor.

9. juni kl. 14.15 **Utescena, Aasentunet**



Foto: pressefoto

## LARS AMUND VAAGE

Lars Amund Vaage er ein prislønt forfatter frå Kvinnherad. Han debuterte som forfatter i 1979 og har sidan gitt ut romanar, noveller, diktsamlingar og barnebøker. Han er oppteken av kva som skjer med menneska i eit samfunn der tradisjonane vert borte, og av personar som tek val på tvers av det som vert sett på som rett.

8. juni kl. 18.00 **salen, Aasentunet**




Foto: Hans Jørgen Brun

# PROGRAM

Endringar i tidspunkt og stad kan førekome.  
Oppdatert informasjon finn du på [nynorsk.no](http://nynorsk.no)

## TORS DAG 6. JUNI

10.00

**Tale ved  
Ivar Aasen-statuen  
Gratis**  
*Ivar Aasen-statuen, Ørsta*

11.30

**Fagdag: Nynorsk litteratur  
der ute – og heim igjen**  
Fagseminar om nynorsk  
litteratur i eit inter-  
nasjonalt perspektiv.  
**Gratis**  
*Høgskulen i Volda*

16.30

**Opning Festspelutstilling**  
Årets Festspelkunstnar  
Damien Ajavon fortel om  
tekstilkunsten sin.  
**Gratis**  
*Kunsthuset, Ørsta*

18.30

**Opning av Festspela**  
Vi inviterer til opning av  
Festspela på utescena i  
Aasentunet. Festspel-  
diktaren les, det blir  
opningstale, musikalsk  
innslag ved Mari Kvien  
Brunvoll og utdeling av  
prisen Årets nynorsk-  
brukar.  
**Gratis**  
*Utescena, Aasentunet*

20.00

**Opningskonsert:  
Odin**  
**375,-/275,-**  
*Utescena, Aasentunet*

22.00

**Målbar**  
Høgtlesing, humor og  
allsong med Heidi Marie  
Vestheim og Brit Aksnes.  
**150/100,-**  
*Peisestova,  
Møre Folkehøgskule*

Foto: Jacob Stærk



## FESTSPRELL

Festspela har eigne programpostar spesielt for barn og unge. Desse er merka med Festsprell i programmet.

## FREDAG 7. JUNI

10.00 **FESTSPRELL****Blindsone**

Framsyning med utgangspunkt i «Eit anna blikk» av Erlend Skjetne. Passar for unge og vaksne.

**Gratis**

Gymsalen,  
Møre folkehøgskule

## 11.15

**Nynorsk som scenespråk**

Kva, kvifor og korleis bruke nynorsk som scenespråk?

**Gratis**

Peisestova,  
Møre Folkehøgskule

## 12.00

**Den sure nynorskingen – myte eller fakta?**

Minneføredraget av Kristin Fridtun.

**225,-/175,-**

Salen , Aasentunet

12.30 **FESTSPRELL****Forfattarbesøk:****Anders Totland**

Anders Totland besøker biblioteket i Ørsta med boka *Gunnars rekordbok*. I samarbeid med Ørsta folkebibliotek og Ørsta mållag

**Gratis**

Ørsta folkebibliotek

13.00 **FESTSPRELL****Forfattaren les:**

**Heidi Marie Vestrheim**  
Heidi Marie Vestrheim les frå boka *Jenny Fender*.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

## 13.30

**Medietimen**

Møt vinnaren av nynorsksprisen for journalistar 2024.

**Gratis**

Salen, Aasentunet

## 14.15

**Omsetjing frå og til nynorsk**

Oliver Møystad (NORLA) i samtale med Knut Ødegård.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

## 15.00

**Å skrive ein heim**

Maria Parr og Ingunn Thon i samtale med Sunniva Relling Berg.

**225,-/175,-**

Salen, Aasentunet

## 16.15

**Forfattarane les:****Forfattarskulen**

Elevane ved Samlagets forfattarskule deler egne tekstar, leia av Kathrine Nedrejord.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

## 17.00

**Koffor hvert vi så iriterte på skrive feil ?**

Kristin Fridtun og André Ulveseter i samtale, leia av Sindre Hovdenakk.

**225,-/175,-**

Salen, Aasentunet

18.00 **FESTSPRELL****Forfattaren les: Maria Parr**

Forfattaren les frå boka *Oskar og eg*.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

## 18.30

**Dialekt og heimstad i rap**

Jørgen Nordeng og Runar Gudnason i samtale, leia av Olav Øyehaug Opsvik.

**225,-/175,-**

Salen, Aasentunet

## 21.00

**Poesipub**

Mari Kvien Brunvoll i unike samspel med fleire av årets forfattarar under Festspela.

**225,-/175,-**

Stødt, Ørsta

## 23.00

**Målbar: Kviss med Store norske leksikon**

**150,-/100,-**

Peisestova,  
Møre Folkehøgskule

## LAURDAG 8. JUNI

## 10.00

**Festspelfrukost**

Mat levert av Kiwi.

**Gratis**

Vikegata, Ørsta

## 11.00

**Knut Ødegård les**

Festspeldiktaren les utdrag frå utvalde titlar i sin forfattarskap.

**Gratis**

Fru Svendsen, Ørsta

12.00 **FESTSPRELL****Familiekonsert med Kråkebollane**

Bandet består av Lena Skjerdal, Knut Lothe og Erik Håkon Halvorsen.

**75,-**

Utescena, Aasentunet

13.00 **FESTSPRELL****Barnebokbad med Maria Parr**

Fjerdeklassingane Jakob, Sebastian og Georg samtalar med Maria Parr.

**75,-**

Salen, Aasentunet

## 14.00

**Debutantane les**

Monica Goksøyr les frå *Slemme jenter* og Ellen Harrison les frå *Søv berre når du søv*.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

## 14.30

**Fosse på 1-2-3**

Forlagsredaktør Cecilie Seiness om litteraturen til Jon Fosse.

**225,-/175,-**

Salen, Aasentunet

## 15.30

**Forfattarane les: Forfattarskulen**

Elevane ved Samlagets forfattarskule deler egne tekstar, leia av Therese Tungen.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

## 16.00

**Debutantpraten**

Inger Johanne Sæterbakk samtalar med Monica Goksøyr og Ellen Harrison.

**225,-/175,-**

Salen, Aasentunet

## 17.15

**Forfattaren les:****Lars Amund Vaage**

Forfattaren les frå boka *Mjølketid*.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

17.30 **FESTSPRELL****Forfattaren les:****Inger Johanne Sæterbakk**

Forfattaren les frå boka *Hjartesprenge*.

**Gratis**

Utstillinga, Aasentunet

## 18.00

**Heimstaden i litteraturen**

Lars Amund Vaage i samtale med Knut Ødegård, leia av Jan Inge Sørbø.

**225,-/175,-**

Salen, Aasentunet

## 20.00

**Konsert: Kari Bremnes m/band**

**575,-/475,-**

Utescena, Aasentunet

## SØNDAG 9. JUNI

## 11.00

**Festspelgudsteneste**

Preike v/Marita Bjørke Ådland. Festspeldiktar Knut Ødegård les.

**Gratis**

Utescena, Aasentunet

## 13.00

**Samtale med****Festspeldiktaren**

Festspeldiktar Knut Ødegård samtalar med Jan Ove Ulstein om livssyn i diktning.

**225,-/175,-**

Salen, Aasentunet

## 14.30

**Ivar Aasen-stemnet**

Kathrine Nedrejord held stemnetalen. Konsert med Gabriel Fliflet band.

**375,-/275,-**

Utescena, Aasentunet

# PRAKTISK INFORMASJON

## Mat og drikke

Under Festspela har kaféen i Aasentunet eigen festspelmeny med innslag av kortreiste spesialiteter. Her kan du kjøpe deg både lunsj og middag, og vi har eit godt utval kaker og drikkevarer. Hovudrettane blir leverte av Osdal Catering.

## Butikk

I museumsbutikken finn du nynorsk-bøker, t-skjorter og sjølvsgatt lvar Aasen-boksaren. Du kan òg kjøpe bøkene til festspeldiktar Knut Ødegård, i tillegg til fleire av bøkene til dei andre forfattarane frå årets Festspel. Årets versjon av det populære samleobjektet festspelkruset er også på plass, pryda med sitat av festspeldiktaren.

## Billettsal

Du kan kjøpe billetter på [nynorsk.no](http://nynorsk.no), [ebillett.no](http://ebillett.no) eller i resepsjonen i Aasentunet. Ved kjøp av festspelpass må du hugse å reservere billetter for arrangementa du ønskjer å vere med på. Dette gjer du ved å kontakte oss på [billett@nynorsk.no](mailto:billett@nynorsk.no), på telefon 70 04 75 70, eller i billettluka i Aasentunet i god tid før arrangementet.

## Rørslehemma

Under Festspela er det reservert tre parkeringsplassar for rørslehemma ved Indrehovdevegen. Diverre er ikkje parkeringa for rørslehemma i sjølve Aasentunet tilgjengeleg under Festspela. Alle som har behov for det, får lov til å køyre opp til tunet, men bilen må deretter køyrast ned att. Treng du hjelp til dette, stiller vi opp. Vi reserverer elles alltid nokre sitjeplassar til rørslehemma nær utescena. Øvst i Salen på vestre side er det også plass til rullestolbrukarar.

## VIL DU VERE FRIVILLIG?



Under Festspela er dei frivillige ein viktig del av gjennomføringa. Å vere frivillig under Festspela er både kjekt og sosialt arbeid, og gir ei unik moglegheit til å sjå kva som rører seg bak festvalkulissane.


Under Festspela treng vi hjelp til mellom anna transport av utøvarar og utstyr, billettkontroll, servering, rydding, vakthald og parkeringsavvikling. Frivillige får fribilletter til arrangement under festivalen, i tillegg til ein eigen Festspelfest med mat og drikke etter Festspela. Ta kontakt med oss i Aasentunet på [post@nynorsk.no](mailto:post@nynorsk.no) eller 70 04 75 70 om du er interessert i å vere frivillig.

## Parkering – Aasentunet

Hovudparkeringsplassen ligg nedanfor Aasentunet. Det tek om lag fem minutt å gå den bratte bakken opp til tunet. Mellom arrangementa vil det vere høve til å køyre opp til tunet for å setje av personar med særskilde behov. Vi oppmodar publikum til samkøyring!

## Ekstra parkeringsplassar fredag etter kl. 17.00 + laurdag og søndag

De finn ekstra parkeringsplassar ved NAF si øvingsbane (gangavstand til Aasentunet, om lag 10 minutt) og Vy buss i Furene (gangavstand til Aasentunet, om lag 15 minutt). **Sjå kartet under for lokalisering av parkeringsplassar.**



**Opplev forteljingar om kva  
språk har å seie for menneska.**



Foto: Andre Nesheim, Nynorsk kulturcentrum

# SOMMAR I AASENTUNET

**Opningstider i sommar:**  
**Måndag–søndag: 11.00–17.00**

Sjå [nynorsk.no](http://nynorsk.no) for opningstidene resten av året